

Vondt og vanskeleg, seksuelle overgrep 1. - 4.trinn

Skjermen viser:	I timen:
<p>I staden for å bruke Livet&Sånn til dette temaet kan de gjerne bruke Kroppen min eier jeg / 1.-4. trinn / Jeg vet Dei brukar dei same filmane som vi, men har også fått lov å bruke illustrasjonane frå filmane slik at barna kjenner att bilda frå filmen når dei skal snakke om det som skjedde der. Det er eit godt materiell, med nok å ta av til å jobbe med temaet på ein god måte.</p> <p>Vårt innhald vart laga før Jegvet.no kom med sitt materiell. Vi let det difor ligge her. De kan eventuelt supplere med noko av det om de vil. Men ikkje lag for lange økter med dette temaet, ta det heller att fleire gongar.</p>	
	<p>Introduser temaet til elevane:</p> <p><i>I denne timen skal vi lære litt om noko som dei fleste barn slepp å oppleve. Vi skal lære om seksuelle overgrep. Alle må å vite kva dette er og at det ikkje er lov. Det er fordi dei som opplever slike ting må få sjansen til å sei frå til nokon av oss vaksne, slik at vi kan få det til å stoppe. For ingen barn skal måtte oppleve seksuelle overgrep.</i></p> <p><i>Vi skal vi sjå to episodar av "Kroppen min eier jeg" i dag, og etter det skal vi jobbe med andre ting.</i></p> <p><i>Det er viktig å snakke om sånne ting, derfor skal vi ha denne timen. Når vi ser filmane vil nokon kunne kjenne seg igjen eller vite om nokon som har det sånn. Da er det fint å kunne snakke om det og vi vil gjerne høre på alle som har noko å fortelje. Men vi fortel til vaksne etter timen, i friminutt eller ein annan gong og ikkje mens klassa høyrer på.</i></p>
	<p>Sjå NRK Super - Tema - Overgrep</p>
 <p>Kva betyr det at kroppen din er din?</p>	<p>Sjå på bilda og snakk saman i klassa:</p> <p>Her kjem nok barna med mange innspel, men minn om at foreldre og andre av og til må få hjelpe med nødvendige ting, og at barn ikkje alltid kan bestemme alt over kroppen sjølv.</p>
 <p>Har andre lov å kyss og klemme deg om du ikkje vil?</p>	<p>Her er jo svaret nei, men mange barn vil føle på ei plikt til å la andre få klemme. Og så er det viktig å få fram at dei fleste likar å få ein klem av nokon ein er glad i. Kroppskontakt kan vere veldig bra for oss når den er god og trygg for begge.</p>
 <p>Kva har vaksne aldri lov til å gjøre med barn sine kropper?</p>	<p>Filmen her bruker «tissen-leker» eller «tissen-ting» som ord på seksuelle overgrep. Dei fleste barn vil likevel kunne orde sex eller «sex». Det viktigaste å få fram her at vaksne aldri har lov å gjøre sex-ting med barn.</p>
<p>Sjå NRK Super - Tema - Overgrep og snakk saman om spørsmåla:</p>	
 <ul style="list-style-type: none"> • Kva var den boka med løve på? • Kven veit om desse lovene alle skal følge? • Fie likte godt når onkelen leika med ho, men så forandra han seg. Kva var det han gjorde? • Onkelen viste at det han gjorde var ikke varlig. Trur du at det ikkje var milt vær hemmeheld? • Korles hadde Fie det ne? 	<ul style="list-style-type: none"> • Kva var den boka med løve på? • Kven veit om desse lovene alle skal følge? • Fie likte godt når onkelen leika med ho, men så forandra han seg. Kva var det han gjorde? • Onkelen visste at det han gjorde med Fie ikkje var lov, kvifor trur du han sa det måtte vere hemmeheld? (alle vaksne veit at dette er strengt forbode, og det visste nok onkelen også).

	<ul style="list-style-type: none"> Korleis hadde Fie det no? Kva kan ho gjere? (Fie hadde det veldig vondt inni seg. Barn har alltid lov å fortelje om slike ting til vaksne. Kanskje kan ho snakke med mamma eller pappa?).
	<p>Fie opplevde at onkelen gjorde dette med ho. Men det er viktig å vite at sånne ting også kan skje på nettet. Guten på bildet kan ikkje vite heilt sikkert kven han snakkar med. Og denne kan vere ein voksen som vil lure han til å gjere noko ulovleg som kan bli vondt og vanskeleg. Derfor bør barn aldri vise bilde av seg sjølv til nokon dei ikkje veit kven er, og heller ikkje møte dei – sjølv om dei verkar veldig snille!</p>
<p>Avrund timen: No har vi sett to små filmar som handlar om seksuelle overgrep. Det er heilt ulovleg for voksne å gjere tissen-ting med barn og alle voksne veit at det ikkje er lov. Når dette likevel skjer av og til, seier gjerne den som gjer slikt at det barna ikkje kan fortelje det til nokon. Det gjer dei for å beskytte/passe på seg sjølv, ikkje for å beskytte/passe på barnet.</p>	
<h3>Andre økt</h3>	<p></p> <p>Huskar de at vi såg filmane om seksuelle overgrep? Om Fie og onkelen, og voksne som ville gjere tissen-ting med barn sjølv om dei veit at det ikkje er lov?</p> <p>No skal vi sjå to episodar til, og etterpå skal vi jobbe med (det du har planlagt å gjere etterpå).</p> <p>Sjå neste episode: NRK Super - Tema - Overgrep</p>
<ul style="list-style-type: none"> Kvifor var det ikkje så lett for Fie å få onkelen til å stoppe? Kva skjedde når Fie fortalte til mamma likevel?  <p>KROPPEN MIN EIER JEG</p>	<p>Her kan det vere fint å forklare barna at dei som gjer seksuelle overgrep mot barn også ofte er snille og gode til vanleg. Då blir det ekstra vanskeleg for barn å seie frå til andre, for dei kan bere bekymra for kva som vil skje med den voksen som gjer dette ulovlege – eller med andre i familien. Men voksne som gjer slikt kan få hjelp til å slutte med det om ein seier frå.</p>
<p>Sjå siste episode: NRK Super - Tema - Overgrep</p>	
 <p>KROPPEN MIN EIER JEG</p> <ul style="list-style-type: none"> Kvifor er det aldri barnet sin skyld når voksne vil gjere tissen-ting? Maiken er ungdom, har ho lov til å gjere tissen-ting med barn da? Kva skjedde når Orak fortalte om det til pappa? Kvifor er det ikkje alltid nok å fortelje det til 1 voksen? 	<ul style="list-style-type: none"> Kvifor er det aldri barnet sin skyld når voksne vil gjere tissen-ting? (fordi voksne alltid har ansvaret uansett) Maiken er ungdom, har ho lov til å gjere tissen-ting med barn da? (nei, ikkje ungdommar og heller ikkje andre barn) Kva skjedde når Orak fortalte om det til pappa? Kvifor er det ikkje alltid nok å fortelje det til 1 voksen? (Ikkje alle voksne forstår kva barnet fortel, og at dette er noko dei må gjere noko med. Derfor er det viktig å prøve igjen med ein ny voksen som forstår betre.)
 <p>Barn har alltid lov å fortelje det som er sant!</p>	<p>Oppsummer med elevane før neste aktivitet:</p> <p>No har vi sett fire filmar om seksuelle overgrep. Det er vondt å tenke på at nokon barn opplever slike ting med voksne som dei kanskje også er glad i eller avhengig av. Dei fleste slepp heldigvis å oppleve sånt, for nesten alle voksne synes dette er heilt forferdeleg å gjere mot barn, og vil aldri gjere sånt.</p> <p>Dei som gjer sånt treng hjelp til å klare å la vere. Sånn hjelp finnast.</p> <p>Dei barna som opplever seksuelle overgrep treng hjelp til å få det til å stoppe, og hjelp til å forstå at det ikkje er deira skyld at det skjedde – uansett kva! Derfor må alle barn som får høre, om eller opplever seksuelle overgrep, fortelje det til ein voksen dei stoler på.</p>
	<p>Sjå gjerne denne til slutt i dag også: Alarmtelefonen for barn og unge - 116 111 - Barn - YouTube Og minn om at barnet i tillegg til å ringe eller chatte med alarmtelefonen, også kan fortelje til voksne på skulen, til helsejukepleiar eller til nokon heime.</p> <p>Vel ein aktivitet resten av timen der elevane jobbar på plassen sin og du har moglegheit til å gå litt rundt og sjekke tilstanden deira. Kanskje gir nokon teikn til å trenge ein prat eller litt omsorg.</p>